


Dato: 10.01.05

Det Kongelige Barne- og familiedepartementet

**Høringsuttalar frå tre kommunar .**

Kompetansesenteret i nedre Setesdal har ansvaret for sakshandsaminga for barn/unge 0- 16 år i kommunane Bygland, Evje og Hornnes og Iveland kommune. Vi sender difor inn uttalane frå dei tre kommunane i ei sending.

Helsing

  
Odd R. Jørgensen  
(leiar kompetansesenteret)

Vedlegg:

1. Uttale frå Iveland kommune.
2. " " " Bygland kommune.
- ~~3. " " " Evje og Hornnes kommune.~~

330.00  
2004/04169  
-235

Bygland kommune  
v/ sakshandsamar Odd R. Jørgensen

---


Dato : 10.01.05

Barne- og familiedepartementet

**Høyringsuttalar frå barnehagane i Bygland kommune.**

Underteikna sender med dette over høyringsuttalane frå barnehagane i Bygland kommune. Uttalane vil og bli handsama i kommunestyret i løpet av januar. Denne saka vil bli ettersendt.

Helsing



Odd R. Jørgensen  
( sakshandsamar )

Vedlegg:

1. Høyringsuttale frå Byglandsfjord oppvekstsenter. ( barnehage og skule )
2. " " " " Bygland barnehage.

## Byglandsfjord oppvekstsenter

4741 BYGLANDSFJORD

Tlf skule/SFO: 37 93 40 10

Tlf barnehage: 37 93 43 18

Tenesteleiar direkte: 37 93 41 86/SMS 91 71 75 10

Faks: 37 93 41 86

Byglandsfjord, 14. desember 2004

### HØYRING I SAMBAND MED NY BARNEHAGELOV.

#### Utviding av innholdsbestemmelsen:

- Bhg. støtter opp om utvidinga, men tykkjer det vert konkretisert veldig mykje. Det er flott at det vert sett ord på arbeidet som vert gjort i barnehagane, men her er mykje som er vanskeleg å måle.

#### Barns rett til medbestemming:

- Me tykkjer det er positivt at barns rett til medbestemming er tatt med som egen § i loven. Men trur nok ikkje det har så mykje å sei i det daglege arbeidet. Personalets erfaringar styrer mykje av planlegginga i bhg. Dette er nok berre noko som tek godt ut på papiret.

#### Skjerping av plikt om godkjenning:

- Det er bra at ein konkretiserar i forhold til antal.

#### Endring av kommunens reglar for behandling av godkjenningssøknader:

- I loven bør det stå meir om kva kriterium som ligg til grunn for godkjenning. Kriteria som gjeld; storleiken på ute- og inneområdet, (ikkje mindre enn i dag), bemanning og storleiken på barnegruppa.

#### Rett til prioritert ved opptak:

- Me er positive til utviding av denne paragrafen. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester, er barn som absolutt har behov for plass i barnehagen.

#### Fylkesmannens tilsynskompetanse:

- Me støtter det nye lovforslaget.

#### Leiing i barnehagen:

- Barnehagen skal ha ein dagleg leiar som er utdanna førskulelærer. Denne skal ha sitt daglege virke i barnehagen. Dersom barnehagen og grunnskulen er organisert som ein mindre verksemd kan skulens rektor eller styrar i barnehagen vere leiar for heile verksemda.
- Det bør stå klart definert i lova kva ei "mindre verksemd" er!!

#### Barnehagens øvrige bemanning:

- Det må etter vår meining stå i loven at pedagogisk leiar må vere utdanna førskulelærer. Det kan vere aktuelt å opne opp for andre utdanningar, (3-årig pedagogisk utd. på høgskulenivå med 1- års vidareutdanning i bhg, ped.), som ein del av den resterande bemanninga.
- Det må ikkje brukast ord som tilstrekkeleg, hensiktsmessig og tilfredsstillande. For kven skal vurdere dette? Det vert dei som sit med pengesekken, og då veit ein kva resultatet vert.
- Det bør konkretiserast kor mange barn barnehagen kan ha, i forhold til bemanninga, og i forhold til opningstida. (Dvs. at ein ped. leiar arbeider 6t og 40 min. pr dag, og avd. er open 9 t, og då kan altså denne i dag ha ansvaret for 14-18 barn.)

Med helsing

Erlend Hunshamar og Liv D. Skjeggedal

15.12.04

# Bygland barn hage

Vi meiner at §§ som går på eigar og kommune bør samlast etter kvarandre, 6,7,8,10,16, og 17, slik at det er enkelt å slå opp og bruke.

## § 18. Leiing

Barnehagen skal ha ein pedagogisk og administrativ overordna leiar, som er utdanna førskulelærar.

Barnehagen skal ha ein overordna dagleg leiar. Det kan ikkje dispenserast frå utdanningskravet.

## §19 Øvrig bemanning

Bemanninga skal vere ein pedagogisk leiar på 7 -9 barn under 3 år og ein pedagogisk leiar på 14 - 18 barn over 3 år.

Pedagogisk leiar skal vere førskulelærar, og det kan ikkje dispenserast frå utdanningskravet.

Det skal minimum vere 3 tilsette per avdeling der opningstida er 9 timar per dag, må aukast viss det er lengre opningstid.

Arealet må minimum vere 4m<sup>2</sup> per barn over 3 år og 8m<sup>2</sup> for dei under 3 år, dette må vedtektsfestast.

Det skal vere eit godt og utfordrande uteareal i samband med barnehagen, minimum 10m<sup>2</sup> per barn.

Vi går sekundert for §19A.

Vi meiner at gammel §24 om øvingsopplæring må oppretthaldast, ynskjer og at det vert gitt utfyllande regler om vedtekter.

Styran

Liv Flatebø